



SAKSUTGREIING

ETNE KOMMUNE

Sakshandsamar:	Arkiv:	Arkivsaknr
Sven Selås Kallevik	N - 502.1	16/811

FRAMLEGG AV KOMMUNAL PLANSTRATEGI

TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:

Med heimel i PBL § 10-1 godkjenner Etne kommune framlegg til kommunal planstrategi for Etne kommune til offentleg utlegging i 30 dagar.

Følgjande framdriftsplan blir lagt til grunn i vidare arbeid:

September 2016

- ❖ Planstrategi til handsaming i styringsgruppe (formannskapet) og i formannskap 13.09.2016
- ❖ Planstrategi til offentleg ettersyn – minimum 30 dagar.

Oktober 2016

- ❖ Planstrategi til handsaming i leiarforum 5.10.2016
- ❖ Vurdering av eventuelle innspel.
- ❖ Planstrategi til 2. gangs handsaming i formannskapet 13.10.2016/18.10.2016

Desember 2016

- ❖ Planstrategi til avgjerd i kommunestyret 15.12.2016.

SAKSUTGREIING:

Innleiing (bakgrunn for saka)

Det var i kommunestyret (K-sak 034/16) den tredje mai 2016 vedteke oppstart av arbeidet med kommunal planstrategi for Etne kommune. Ein har organisert arbeidet med formannskapet som styringsgruppe og ei administrativ arbeidsgruppe oppnemnd av rådmannen.

Problemstilling

Det må gjerast vedtak om utlegg til offentleg ettersyn av kommunal planstrategi for Etne kommune, 2016-2019.

Vurdering

Utarbeiding av kommunal planstrategi er eit krav etter gjeldande plan- og bygningslov. Strategien er forankra i PBL § 10-1:

«Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov.»

Framlegg til kommunal planstrategi for Etne kommune 2016-2019 er klart til godkjenning i formannskapet for offentlig utelegging i 30 dagar. Strategien har blitt til gjennom samarbeid med dei ulike einingsleiarane i kommunen og møter i administrativ arbeidsgruppe. Strategien er nært knytt opp til kommunen sitt pågåande arbeid med ny kommuneplan. Sjå innleiing av vedlagt kommunal planstrategi for meir informasjon.

Ein har informert nabokommunar og regionale- og statlege organ om kommunen sitt pågåande arbeid med planstrategien. Ein har fått ein del innspel frå fleire regionale- og statlege organ.

Totalt var det ti instansar som kom med tilbakemelding på oppstartsbrev – åtte av desse hadde konkrete innspel. Det er dei konkrete innspela som blir kommentert. Dei to andre som kom med tilbakemelding var NVE og Mattilsynet. Under finn ein kommentarar frå sakshandsamar til dei ulike innspela:

Fiskeridirektoratet

«Ein ynskjer at kommunen prioriterer kystsona og gir rom for utvikling i oppdrettsnæringa.»

Sakshandsamar sin merknad: Ein vil legge til rette for ei god og sunn drift av akvakulturanlegg i kommunen. Grunnlaget for dette vil gjerast i samband med revisjon av kommuneplanen sin arealdel. Som nemnd i planprogrammet til kommuneplanen er intensjonen til kommunen å «gi rom for omstilling og utvikling i akvakulturnæringa.» Ein skal sikre at bedriftene til ei kvar tid har moglegheit til å følgje aktuelle næringstrendar.

Fiskarlaget Vest

«Ynskjer at ein skal ta omsyn til fiskeridirektoratet sine kartlagde fiskeriressursar og installasjonar. Fiskarar får stundom klagar frå hytteeigarar når ein fisker i sjøområda utanfor hyttene om natta.»

Sakshandsamar sin merknad: Data frå Fiskeridirektoratet vil verta innlemma i arbeidet med ny arealdel til kommuneplanen.

Hauglandet Interkommunale Miljøverk

«Him har særlege utfordringar med å få til ein fullgod renovasjon-løysing i følgjande områder: etablerte og nye hytter i fjellområda (Etnefjellene), Eikemo/austsida av Åkrafjorden og området Sandvik rundt Skånevikshalvøya.

Hovudutfordringa i desse områda er manglande eller dårlege veger – og manglande areal for å kunne plassere ut felles avfallsbeholdare. Utfordringane forsterkast i mange tilfelle av grunneierkonfliktar.»

Sakshandsamar sin merknad: Etne kommune ser utfordringane HIM skisserer og kjenner til desse. Det vil i arbeidet med ny arealdel bli lagt vekt på å ikkje oppmode til utbygging i vanskeleg tilgjengelege områder. Heilt konkret kan ein informere om det ikkje er vedteke å innføre hytterrenovasjon i Etnefjellene – dette dreier seg stort sett om støl til gardsbruk. Når det gjeld renovasjon på Eikemo kan kommunen tilrettelegge for renovasjon på Viskjer kai – renovasjon på nordsida av fjorden er ikkje økonomisk gjennomførbart. Området Sandvik rundt Skånevikshalvøya er vanskeleg der det dreier seg om ein vedvarande grunneigarkonflikt.

Direktoratet for mineralforvaltning

«I gjeldande arealdel til kommuneplana står det at det er laga ein eigen kommunedelplan (dette er ein temaplan sakshandsamars anmerk.) for sand og grus. Dei områda i kommunedelplanen som ikkje allereie er regulert er synt som framtidige område for massetak i arealdelen. DMF rår til at det i planstrategien tas inn at kommunedelplanen vert revidert og ført vidare ved revisjon av arealdelen. I ei revisjon av kommuneplana oppmodar vi til at uttak av fast fjell og tas inn.»

Sakshandsamar sin merknad: Etne kommune er einig i at temaplan for mineralar og ressursar bør reviderast. Det vil bli gjort ei vurdering av arealbehovet for sand, grus og fast fjell ved revisjon av kommuneplanen sin arealdel. Temaplanen vil i løpet av valperioden bli vurdert revidert i samrå med lokale næringsinteresser.

Statens Vegvesen

Statens vegvesen har innspel som går på at nasjonale føringar skal ligga til grunn for utarbeidinga av planstrategien. I tillegg har dei denne kommentaren om trafikkikkerhetsplan: «Trafikktryggleiken må ivaretakast i planlegginga. Det er eit overordna mål at det ikkje skal førekomma ulykker med drepte eller hardt skadde i trafikken. Vi anbefalar at trafikkikkerhetsplanen for Etne kommune vert vidareført og eventuelt revidert.»

Sakshandsamar sin merknad: Nasjonale føringar har blitt lagt til grunn for utarbeidinga av kommunal planstrategi. Trafikkikkerhetsplan vil bli vidareført/revidert.

Fylkeskommunen Hordaland

Har utarbeida eit generelt skriv til alle kommunane i fylket. Står generelt om kva som er naturleg å ha som grunnlag for utarbeiding av planstrategi.

Sakshandsamar sin merknad: Generelt skriv tatt til etterretning.

Fylkesmannen i Hordaland

Fylkesmannen kommenterer det nasjonale høge talet for *omdisponering av dyrka- eller dyrkbar jord*. I Etne kommune har det dei siste åra, om ein ser bort i frå etablering av kjøpesenter i sentrumskjernen, vert moderat omdisponering av landbruksjord. Kommunen fører ein bustadpolitikk som ynskjer mest mogleg fortetting i tettstadene, men likevel ikkje utelukker etablering ruralt, men då berre på utmark. Det verdt å merke seg at det sidan 2009 har vert meir nydyrka areal enn omdisponert. Ein kan nok likevel bli betre på å bevare eksisterande jordbruksjord – men òg i landbruket er det stundom naudsynt å omstille seg.

Sakshandsamar sin merknad: Ein vil i det pågåande arbeidet med kommuneplanen legge til rette for *bustadbygging* i områder som ikkje rår dyrka- og/eller dyrkbar mark.

Fylkesmannen kommenterer òg *potensielle massar frå arbeidet med E134 Bakka-Solheim*. Handtering av massar var ein del av utgreiinga under arbeidet med kommunedelplanen for E134 Bakka – Solheim og er omtala der. Vil truleg ikkje verte aktuelt i denne valperioden. Strekninga er ikkje inkludert i Nasjonal Transportplan.

Sakshandsamar sin merknad: Vil ikkje bli tema i denne planstrategien.

Fylkesmannen saknar eit vidare arbeid med kommuneplanen sin samfunnsdel.

Sakshandsamar sin merknad: *Kommuneplanen sin samfunnsdel* vil komme på høyring til hausten.

«Samfunnstryggleik er eit viktig tema som må drøftast i ein planstrategi.

Sivilbeskyttelseslova § 14 pålegg kommunen å utarbeida ein heilskapleg ROS-analyse for uønskte hendingar som kan skje i kommunen ... Som eit minimum må den lovpålagde ROS-analysen etter sivilbeskyttelseslova § 14 og beredskapsplanen etter § 15 omtalast i planstrategien.»

Sakshandsamar sin merknad: Blir omtalt i planstrategien. Kommunen har laga ein heilskapleg *ROS-analyse med tilhøyrande beredskapsplan*. Analysen er frå 2013, medan beredskapsplanen skal rullerast kvart år.

«I folkehelseslova (2012) står det at kommunen skal ha nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei positive og negative faktorane som kan verke inn på denne.»

Sakshandsamar sin merknad: *Folkehelse* har vært fokus i vinter og kommunen har utarbeidd ein folkehelseoversikt som skal ligge til grunn for alt planverk som utarbeidast i kommunen. Aspektet om folkehelse skal innarbeidast på leiarnivå i alle einingane i kommunen.

«Føresetnaden for god folkehelse er at befolkninga har god tilgang til område der dei kan drive fysisk aktivitet i kvardagen. Det er difor viktig at kommunen har kunnskap om lokale

friluftsområde som vert nytta på denne måten. Dersom slik område framleis ikkje er kartlagde, rår vi til å starta slikt arbeid.»

Sakshandsamar sin merknad: Arbeidet med å verdisetje og kartlegge dei lokale friluftsområda er i gang. Dette arbeidet vil truleg verte ferdig i løpet av hausten.

Politiet v/Etne og Vindafjord lensmannsdistrikt

Innspel gjeld kontrollplassar ved E134.

Sakshandsamar sin merknad: Dette er fanga opp i arbeidet med kommunedelplanen for E134 i samrå med Statens Vegvesen. Vil ikkje bli tema i planstrategien.

I planstrategien skal ein gjere ei vurdering på om kommuneplanen skal reviderast, heilt eller delvis. Etne kommunen er midt i ein kommuneplanprosess med full revisjon.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er berekna vedtatt i laupet av hausten 2016, medan arealdelen truleg vil verte vedteke ein gong i 2017. Ved førre planstrategi vart det planlagt at strategien skulle vere eit enkelt dokument som ein kunne bygge vidare på ved seinare strategiar. Styringsgruppa har likevel vald å gå bort frå dette då ein ynskjer å nytte seg av erfaringar ein har opparbeida seg sidan 2012. Innhaldet i strategien er sterkt prega av arbeidet med den nye kommuneplanen. Derfor vil mykje av bakgrunnsinformasjonen for strategien vere tilgjengeleg i planprogram, statistikkdokument og kommuneplanen sin samfunnsdel. Arbeidet framover vil i stor grad handle om den nye kommuneplanen. Det vil vere naturleg at strategiar presentert i planstrategien vil verte sentrale i dette arbeidet.

Totalt var det ti instansar som kom med tilbakemelding på oppstartsbrev – åtte av desse hadde konkrete innspel. Det er dei konkrete innspela som har blitt kommentert her. Dei to andre som kom med tilbakemelding var NVE og Mattilsynet.

Tabellen lagt ved denne saka er meint til å få ein oversikt over kommunens planar og planbehov. Prosessen med å utarbeide den tabellen har vert nyttig for fleire av kommunens einingar i få ein oversikt over kva planer ein faktisk har – og kva planer ein treng/må revidere. Per tid har kommunen 17 gjeldande planar, 12 planar under arbeid og to planar som er under utarbeiding. Det har òg vore nyttig å konkretisere kven som har hovudansvar for utarbeiding av enkelte planar. Føringer frå nasjonalt nivå tilseier at kommunane skal forenkle og redusere talet planar. Etne kommune vil òg arbeide mot dette.

Planstrategien skal, jamfør PBL § 10, offentleggjerast 30 dagar før endeleg vedtak i kommunestyret. Det kan i denne perioden komme innspel. Ei vurdering av innspela vil avgjere om ein må justere strategien før endeleg vedtak.

Som nemnt vil det i denne valperioden vere hovudprioritet å ferdigstille den nye kommuneplanen. Det har vore eit mål å gjere eit edruelig framlegg til planprosessar med tanke på ressursar og tilgjengeleg personell. Derfor vil ein ikkje planlegge å starte opp særleg

med nye planprosessar. Ein vil heller prioritere å oppdatere/revidere eksisterande planar som av ulike grunnar har behov for dette.

Saksgang:

Utskrift med vedlegg til:

<Fyll inn rett namn og adresse>

Utskrift til:

Tenestetorget for fakturering og utsending av særutskrift

Faktura skal sendes til: <Fyll inn fakturamottakar>